



# Forsand kommune

Politisk

Det Kongelige Kommunal- og Regionaldepartementet,  
Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

Saksbeh. e-post: bvg@forsand.kommune.no

Dykkar ref.:

Dato: 28.01.2008

Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Att:

Vår ref.: 07/125-22/K1-PERM//BVG

## Forsand kommune - fråsegn til Sørheimutvalet - Inntektssystemet for kommunane

Forsand kommunestyre har gjort følgjande vedtak i møte 28.01.08 vedk. Sørheimsutvalet:

”Forsand kommunestyre støtter i hovudsak sentralstyret i Kommunenes Sentralforbund sin uttale til inntektssystemutvalet (Sørheimutvalet), dat. 21.01.08.

Spesielt vil kommunestyret vise til rådmannen sin saksutgreiing om at selskapsskatten vert oppretthalde som kommunal skatt og at kommunar som taper på omlegginga blir kompensert med nødvendig vekst i frie inntekter.”

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland  
politisk sekretær

Vedlegg:



# Forsand kommune

Politisk

Det Kongelige Kommunal- og regionaldepartement

Dato: 28.01.2008

Vår ref.: 07/125-21/K1-

PERM//BVG

Saksbeh. e-post:

bvg@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Dykkar ref.:

Att:

## Melding om vedtak

### Forsand kommune - uttale til inntektssystemutvalet-Sørheimutvalet.

Forsand kommunestyre behandla saka i møte den 28.januar 2007, og følgjande vedtak vart gjort:

*Forsand kommunestyre stotter i hovudsak sentralstyret i Kommunenes Sentralforbund sin uttale til inntektssystemutvalet (Sørheimutvalet), dat. 21.01.08.*

*Spesielt vil kommunestyret vise til Råd mannen sin saksutgreiing om at selskapsskatten vert oppretthalt som kommunal skatt og at kommunar som taper på omlegginga blir kompensert med nødvendig vekst i frie inntekter.*

Sjå vedlagte saksutgreiing.

*Dette vedtaket kan de klage på (jfr. fvl. §28). Klagefristen er 3 veker frå de har fått melding om vedtaket.*

For råd mannen

  
Bodil Vika Gjesteland  
politisk sekretær

### Kopi til:

Kommunenes Sentralforbund



# Forsand kommune

## Saksframlegg

| SAKSGANG |               |            |
|----------|---------------|------------|
| Saksnr   | Utval         | Dato       |
| 008/08   | Kommunestyret | 28.01.2008 |

| Arkivkode | Saksbehandlar | Arkivsak/j.post    |
|-----------|---------------|--------------------|
| K1-PERM   | Terje Nysted  | 07/125 - 20 08/418 |

### Forsand kommune - uttale til inntektssystemutvalet-Sørheimutvalet.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forsand kommunestyre støtter i hovudsak sentralstyret i Kommunenes Sentralforbund sin uttale til inntektssystemutvalet (Sørheimutvalet), dat. 21.01.08.

Spesielt vil kommunestyret vise til Rådmannen sin saksutgreiing om at selskapsskatten vert oppretthalt som kommunal skatt og at kommunar som taper på omlegginga blir kompensert med nødvendig vekst i frie inntekter.

.....

#### Behandling i Kommunestyret 28.01.2008

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

#### KS-008/08 Vedtak:

Forsand kommunestyre støtter i hovudsak sentralstyret i Kommunenes Sentralforbund sin uttale til inntektssystemutvalet (Sørheimutvalet), dat. 21.01.08.

Spesielt vil kommunestyret vise til Rådmannen sin saksutgreiing om at selskapsskatten vert oppretthalt som kommunal skatt og at kommunar som taper på omlegginga blir kompensert med nødvendig vekst i frie inntekter.

**Dokumentliste:**

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottakar | Tittel |
|----|---|----------|-------------------|--------|
|----|---|----------|-------------------|--------|

3 I 12.11.2007 Det kongelige kommunal- og Høring - Sørheimutvalget -  
regionaldepartementet Inntektssystemet for kommunene

19 U 15.01.2008 KS Forsand kommune - fråsegn vedk.  
rammetilskotsordning  
(Rørheimsutvalet)

| Anna              |         |            |
|-------------------|---------|------------|
| Utal              | Høyring | Behandling |
| Ungdomsråd        |         |            |
| Eldreråd          |         |            |
| Arbeidsmiljøutval |         |            |

## **Fakta**

Regjeringa oppnemnte hausten 2006 eit utval, Sørheimutvalet, som skal vurdere elementer i inntektssystemet av politisk karakter og dei deler av inntektssystemet som ikkje var ein del av mandatet til tidlegare Borgeutvalet. Framlegga til Sørheimutvalet måtte vere innanfor ein provenynøytral inntektsramme. Det vil seie at framlegga ikkje må innebere auka statlege løyvingar.

## **Lover, forskrifter, rundskriv**

Jmfr. ovannemnte rundskriv og høyringsbrev m.v.

## **Innkomne uttalar**

Høyringsuttale frå Kommunenens Sentralforbund (KS) nr.1, dat. 21.01.08

## **Vurdering og konklusjon**

I.flg. KS, Rogaland, vil Sørheimutvalet sitt framlegg medføre eit samla tap på 3,8 mill.kr. for Forsand kommune. Totalt vil Rogaland sine kommunar samla sett tape 81,9 mill. kr. på framlegget.

Rådmannen viser til uttale frå KS sitt sentralstyre er velbegrunna og vil i hovudsak støtte denne.

Spesielt viser ein til uttalen om å behalda dagens ordning om selskapsskatt. Rådmannen finn imidlertid ikkje å kunne støtte KS sin subsidiære uttale om å halvere selskapsskatten. For Forsand kommune sitt vedkomande er allereie selskapsskatten sterkt redusert dei siste åra. I 2006 var kommunen sin selskapsskatt på 9,9 mill.kr. I 2007 blei den redusert til 5,5 mill.kr. og for 2008 er den redusert til 987.000 kr. Kommunen har vore i kontakt med Finansdepartementet for å få svar på kvifor denne store reduksjonen utan at det har lukkast å få eit fullgodt svar. Departementet viser til at dei har teieplikt etter likningslova § 3-13. Kommunen som part i saka har altså ikkje rett til å sjå kva berekningsgrunnlag som ligg føre ved denne drastiske reduksjonen.

Vidare er rådmannen samd med KS at kommunar som taper på omlegginga må få kompensert nødvendig vekst i frie inntekter.

Sjå tilråding på hovudark.

Terje Nysted  
-rådmann-